



Være Sammen er tema dette barnehageåret. «Være Sammen er et verktøy som gir et utgangspunkt for gode samtaler med barn. Det stimulerer til refleksjon og en filosofisk innstilling til temaene som berøres, slik at en utvikler gode holdninger både hos voksne og barn. 'Løveloven' gir en tydelig og forpliktende ramme for hvordan barn og voksne skal ha det sammen, og hva som er lov å gjøre».

Være sammen pakka inneholder veldig mykje materiale, men me har valgt å bare bruke boka om regnbueløva dette halvåret, me les, spiller skuespel, synger songane og snakkar i lag om kva me trur karakterane føler i situasjonane dei havnar i mens me les. Britt Anna har sydd kostymer til løvene som dei brukar i rolleleken, når dei leikar bearbeidar dei inntrykk frå eventyret. Danserommet holder på å bli om til jungelen der regnbueløva bur, der hjelper ungane til så mykje dei ønsker sjølv med å laga ting til tak og vegger.








STORD
KOMMUNE

I brannvernveke, lærer me mykje om brann. Me blir kjent med hånddukkene Eldar og Vanja, dei lærer oss mykje om brannvern. Og me lærer oss nummeret til brannvesenet. Me brukar fysikkeksperiment for å lære oss korleis røyken oppfører seg, og kva me skal gjere om rommet blir fullt av røyk. Også laga me oss ein brannstasjon, der leika me at me er brannmenn! Me har og skikkelig brannøvuing, det er litt høg lyd på alarmen, men me er godt førebudd, og ingen blir redd.

I førstehjelpsveke bli me kjent med førstehjelpsdukka Henry og på fellessamling får me sjå når han var på tur i skogen å klarte å skjære seg med kniv. Det var ganske skummelt så det var godt når me skjønnte at det bare var ketchup. Me lærer oss kva førstehjelp er og nummeret til ambulansen. Kuben blir omgjort til sjukehus, der leika me mykje.



«Barnehagen skal legge til rette for mangfoldige naturopplevelser og bruke naturen som arena for lek, undring, utforskning og læring» (Rammeplanen, s. 53)




Me går på mange kjekke turar. Me leika på to lekeplassar i Trodlaugan, går til stranda å bada og funne krabbar. Me lagar barkebåt og går i gjørme i Skjepåsen. Og me har vore på Kværner og helst på Kronprinsen. Me fekk komma på besøk til Lauvdalen å plukke plommer og eple, nstedag laga me syltetøy av alt me plukka!

«Gjennom arbeid med kropp, bevegelse, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna får innsikt i matens opprinnelse, produksjon av matvarer og veien fra mat til måltid» (Rammeplanen, s. 50)



PÅ TUR TIL RABBAFOSSEN

På turvegen kan me finna mykje rart,
mellom anna små nyper og store
gravemaskinar.




Me kosar oss med
lunsjen ute.



I Rabbafossen er det kjekt å leike.



Høgtlesing i haustsola



**På veg til stubbenissen
møtte me ein katt.**



**Ein pust i
bakken
og
«snacks»
i koppen
er godt
når ein
har trena
seg på å
gå i
ulendt
terreng.**



Full konsentrasjon.
Malingen er klissete,
malingen blanda seg.
Eg brukar pensel og fingrane.
Eg set spor på arket.
Me skapar noko.
Eg ser dei andre
Me likar og mala.



«Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid.»
Rammeplanen s.50





Førstehjelpsveke
 Henry er ei uheldig dukke.
 Det er godt me er mange
 omsorgsfulle barn i
 barnehagen
 Han får god behandling og
 mange plaster.
 Me deler mat med han og.





Brannvernveke
Me på blå er opptatt av trygghet
rundt brannalarmen.
Alle får trykke på ein liten
brannalarm.
Det er latter og god stemning.
Me set ord på litt utstyr som
brannmannen har.
Og dei som vil får prøve
brannmannhjelm.





Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.

Rammeplan for barnehage s.52



Tur i skogen

Me går på tur. Eg klarar sjølv. Eg hjelper andre.

Me klarer å overkomme hindringar.

Sjå kva eg klarte. Eg er på tur i «hundremeterskogen» og der finn eg insekt, pinnar, blader og søppel .

Me kosar oss i lag.





Me blir kjent med
barnehagen!
Nye vennskap,
Omsorg,
Opplevelsar,
Nye leiker,
Kvile,
Felleskap,
Mat,
Trygghet,
utfordringar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.
Rammeplan for barnehage s.33



Turar i nærmiljøet

Me går turar til Skjepåsen, leikeplassar i nærleiken av barnehagen, til Eldøystranda og på Heiane. Me lagar ofte mat ute på tur på primus, men nokre gongar har me med oss brødmatt og kakao. På turane våre gjer me masse sepnande, som å leita etter småkryp, som ein del av småkrypprosjektet vårt.

*«Personalet skal leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring»
-Rammeplanen.*



Vennskap og samarbeid

Me har heile tida stort fokus på å klegg til rett for at barna får utvikla gode venskap. Me jobbar med å styrke relasjonene mellom barna, ved å gi dei gode opplevingar saman. Samstundes legg me til rette for samarbeid blant barna, hjelp dei med å setje ord på kjensler og eigne grenser, og løyse konflikhtar gjennom refleksjon saman.

*«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne»
-Rammeplanen*



Kværner 100år

I forbindelse med Kværner sitt 100års jubileum vart Kronprinsen invitert til Stord for å vere med å markere jubileet, saman med barnehagar frå Stord. Me var med å ynskje Kronprinsen velkommen då han ankom Kværner, og fekk sjå han på ganske nært hald. I forkant av denne dagen hadde me snakka om kven Kronprinsen er, og korleis jobben han er.

«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda».

-Rammeplanen



Bamsesjukehus

Kvar haust er raud gruppa invitert til Bamsesjukehuset på Høgskulen. Me har då med oss bamsane våre. Så får me hjelp av sjukepleiarstudentane til å plastre og gjere bamsane våre friske igjen. Det er spennande å vera på besøk, og det ligna heilt på eit skikkeleg sjukehus. To dagar før me reiser på besøk, er sjukepleiarstudentane på besøk i barnehagen for å bli kjend med oss.



«Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørse til nærmiljøet».
-Rammeplanen



Kunst, kultur og kreativitet

Gjennom arbeidet med Være Sammen og småkrypprosjektet lagar me forskjellige kreative arbeid. Me laga regnboge frå Være Sammen på to forskjellige måtar, og me laga småkryp ut frå eigen fantasi. I kvardagen har me spontane aktivitetar som perler, maling vev, klyppe og lime og teikning.

«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon»

-Rammeplanen



Natur, miljø og teknikk

Me gjer ulike fysikkforsøk, som til dømes «flyte-synke» på vannleikerommet. Me nyttar forstørrelsesglas ute, der me utforska ting nærare og gjer fysikkforsøk med farris og rosin. Me undra oss saman om kva som skjer, kvifor og korleis?

«Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar»

-Rammeplanen



«Barnehagen skal
aktivt leggje til rette
for utvikling av
vennskap og sosialt
felleskap»
-Rammeplanen

GODE venner er som
stjerner, det er ikke alltid
du ser dem, men du vet
DE er der...:)

